Seljord kommune

Det Kongelige Finansdepartement
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

MELDING OM VEDTAK

Dykkar ref:	Vår ref	Sakshand:	Arkivkode:	Dato:
	2014/45-5		000	27.02.2015

Høyringsuttale - Overføring av skatteoppkrevjinga til Skatteetaten

Handsaming i Kommunestyret - 26.02.2015

Formannskapet rår kommunestyre til å fatte fylgjande vedtak:
Seljord kommune kjem med slik høyringsuttale:
Seljord kommune støttar ikkje regjeringa sitt framlegg om å overføre skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommunane til skatteetaten (til staten).

Formannskapet si tilråding til kommunestyret fekk 5 røyster.

Framlegg frå H, Krf, V og Frp:
Seljord kommune støttar forslaget til endring om å flytte skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommunane til skatteetaten. Ved verksemdoverdraging må staten ta ansvar for at dette skjer på ein måte som i varetek arbeidstakarane og dei som eventuelt blir overtalige.

Framlegget frå H, Krf, V og Frp fekk 14 røyster.

Framlegg frå Krf v/ Kjell Hartberg om fylgjande tillegg til vedtaket frå H, Krf, V og Frp:
Det er viktig at dei regionale kontora vert plassert i tettstader og små byar.

Framlegget frå Krf v/ Kjell Hartberg fekk 1 røyst.

Vedtak i Kommunestyret - 26.02.2015

Seljord kommune støttar forslaget til endring om å flytte skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommunane til skatteetaten. Ved verksemdoverdraging må staten ta ansvar for at dette skjer på ein måte som i varetek arbeidstakarane og dei som eventuelt blir overtalige.